

Vedlegg 1

Innspeil frå dei vidaregåande skulane



Sakshandsamar:
Marta Sofie Vange
E-post: marta.sofie.vange@sfj.no
Tlf.: 57 67 64 01

Vår ref.
Sak nr.: 16/2128-20
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
9219/16

Dykkar ref.

Susan Husabø, OA

Dato
SOGNDAL, 11.03.2016

Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016/17 - Sogndal vgs

Sogndal vidaregåande skule har fylgjande merknad til 5. prøveinntak. Fyrste prøveinntak gav god oppfylling på skulen og alle tilboda våre var med. Men diverre var det svært mange som ikkje hadde fått skuleplass, særleg til vg1.

Eg vil no kommentere endringane som 5. prøveinntak medfører.

Skulen kan ta imot 5 vg1- grupper i bygg- og anleggsteknikk. Me har gode verkstader og lærarkrefter til dette. Den eine vg1- gruppa bør då vere vekslingsmodell slik som me fekk positiv tilbakemelding om når tilbodsaka vart vedteken.

Me skal likeeins greitt ta to grupper vg2 El-energi. Me har 2 grupper dette skuleåret, så me har både lærarkrefter, lokale og utstyr til gruppene.

2 grupper vg1 service og samferdsel vil me også kunna ta imot.

Skulen beklagar veldig at me ikkje har nok søkjarar til å få i gang vg2 kokk- og servitør. Dette vil føre til at me får ca 150 % overtalige faglærarar. Næringa i regionen treng denne kompetansen, me vonar søkjartala tek seg opp når me får dei nye lokala ferdige.

Likeeins er det leitt om ikkje Klima-, energi- og miljøteknikk kjem i gang. Dette tilbodet vonar eg me får lyst ut att kommande år, då vil me ha eit mykje større grunnlag å rekruttere elevar i frå.

Til vg1 studiespesialisering kan me ta 28 elevar i gruppa i år slik at alle får plass. Likeeins vil me vurdere om me kan auke opp vg2 Byggteknikk og vg2 Anleggsteknikk med 3 elevar til i gruppene, føresetnaden for å få det til er at me får nokre ekstra delingstimar til dei gruppene.

Med helsing

Marta Sofie Vange
rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift





Notat

Frå: Gro Fivelsdal
Til: Bekka Skaasheim, OA
Susan Husabø, OA

Tilbakemelding frå Dale vgs angående justering av opplæringstilbodet 2016-17

Helsearbeidarfag

Det er viktig for Dale vgs å kunne tilby heile løpet innanfor dei to yrkesfagretningane vi har. Vi ser av det låge søkjartalet komande skuleår at mange elevar ønskjer andre tilbod enn det eine vi har på Vg2. I staden for helsearbeidarfag har fleire av Vg1-elevane våre søkt seg til ambulanse eller barne- og ungdomsarbeidarfaget. Talet svingar frå år til år og det ligg i første prøveinntak på 6 inntekne med ungdomsrett. På Vg1 helse og oppvekst er det full klasse, derfor håper vi at administrasjon og politikarar vel å setje i gang Vg2 helsearbeidarfag-gruppa, då vi ønskjer å gje dei denne utdanninga i ein region som verkeleg etterspør lærlingar innanfor helsearbeidarfaget. For oss er kvar gruppe svært viktig.

Argumenta for å behalde Vg2 helsearbeidarfag:

- I HAFS har vi nok læreplassar, medan Førde har mangel på læreplassar for helsefagarbeidarane.
- Det er 6 elevar med ungdomsrett i første prøveinntak, altså opp mot grensa på åtte.
- Dersom vi mistar Vg2 helsearbeidarfag-klassen har vi berre ein TIP-klasse igjen på Vg2 YF. Det betyr at vi ikkje kan få til noko reell innsparing gjennom samanslåing av fellesfag.
- Får vi ei lita gruppe på Vg2 helsearbeidarfag, så kan vi slå saman både samfunnsfag, kroppsøving, men gjerne også norsk og engelsk.
- For ein skule med 8 klassar rokkar det ved strukturen om ein mistar ein klasse. Det rokkar ikkje ved skulestruktur om ein større skule må gje frå seg ein av to parallellar.

Påbygging

Sidan vi berre har to Vg2 YF-klassar å rekruttere frå når det gjeld påbygging, og når vi også ønskjer at fleire av desse elevane skal gå ut i lære, så veit vi at vi umogleg kan ha nok interne søkjarar til påbyggklassen. Som forventat ligg vi på 6 søkjar (4 av dei kjem internt frå Vg1 med ungdomsrett). Det er mange som har Dale vgs som eitt av vala sine og prøveinntaket viser at det er 23 med ungdomsrett som er tekne inn her. Dei to åra vi har hatt påbygg har klassen vorte oppfylt i løpet av august og i år som i fjor er klassen heilt full, utan sluttarar. Sannsynlegvis vert denne klassen også komande skuleår full slik som dei to føregåande åra.



Det er viktig at Dale vgs får behalde denne klassen, fordi det utan tvil rokkar ved stabiliteten til ein liten skule om ein mistar ein klasse på 30 elevar.

På bakgrunn av spørsmål frå søkjarar ber vi om at det i Vigo vert informert om at dei kan søkje påbygging ved Dale vgs sjølv om dei har tatt fagbrevet. Vi har fått fleire spørsmål om dette, då dei ikkje får opp anna enn Mø og Øyrane når dei skal søkje. Vi ønskjer at påbygging ved Dale vgs skal vere søkbart også for dei som har teke fagbrevet.

Vi har elevar på påbygg som er ferdige med fagbrevet og som då ikkje treng eit 5-timars fag og som heller ikkje MÅ ha kroppsøving – sjølv om nokre faktisk ønskjer å ha dette faget likevel.

IB


På Vg2 IB er det i prøveinntaket berre teke inn 2 søkjarar til 3 plassar. Dette slår hardt ut på statistikken, der ein elev åleine då utgjer 33% i manglande oppfyllingsgrad. Det er likevel ikkje noko problem å køyre IB-opplegget med 2 i staden for 3 elevar, så dette forsøksprosjektet kan gå sin gang.

Maritim produksjonsteknikk:

På Vg2 maritim produksjonsteknikk er usikkerheita i bransjen tydeleg og ein merker trykket frå fallande konjunkturar: Her er det 6 plassar, men berre 3 elevar er inntekne. For bedrifta som tok initiativet til den nye linja, er det enklare å ta vare på 3 enn 6 elevar slik situasjonen no er med redusert ordretilgang. Sidan dette er eit forsøksprosjekt over tre år, er det ønskjeleg at vi får køyrt prosessen ferdig.

Resten av gruppene reknar eg med går som planlagt slik det går fram i første prøveinntaket.

Gro Fivelsdal
Dale vidaregåande skule


 Saksbehandlar:
 Inger Karin Oppedal
 E-post: inger.karin.oppedal@sfj.no
 Tlf.: 57637507

 Vår ref.
 Sak nr.: 16/2128-17
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

 Internt l.nr.
 9133/16

Dykkar ref.

Susan Husabø, OA

 Dato
 FØRDE, 10.03.2016

Innspel til justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016/17

Søkjartala for 2016-2017 syner stor oversøknad i indre Sunnfjord (Mo og Øyrane Vgs og Hafstad Vgs).

Hafstad vgs. har vore i ein nedbyggingsfase når det gjeld studiespesialisering (frå 5 til 4 klassar per årssteg). Eit vidare nedtak til 3 klassar per årssteg vil få store konsekvensar for tilbodet i Indre Sunnfjord. Det er dessutan beklageleg dersom det i fylket ikkje kan vere ein skule som kan tilby breidde i programfagtilbodet, noko Hafstad vgs kan, med fire parallellar på studiespesialisering.

Studiespesialisering Vg1

Ved utlyst tilbod for 2016-2017 vart studiespesialisering ved Hafstad vgs. redusert frå 4 til 3 klassar (120 til 90 elevplassar).

Primærsøkjartala viser at det er 129 søkjarar til dei 90 plassane (**oversøknad på 39 plassar**). Ved å gjenopprette den bortfalne klassen vil fleire få sitt primærynskje oppfylt, og færre vil stå utan tilbod i området. Erfaring viser at får elevane starte på første ynskje sitt, er det større sjansje for at dei fullfører vidaregåande skule.

GSI-tala for inntaksområdet til Hafstad vgs. (Jølster, Naustdal, Gaular og Førde) viser ein auke på 30 elevar for skuleåret 2016-2017 i forhold til 2015-2016 (frå 287 til 320). Dei næraste 5 åra vil tal elevar stabilisere seg rundt 300.

Studiespesialisering Vg2

Fagval programfag, Hafstad vgs. Vg2 skuleåret 2016-2017

Vg2 2016-2017:

A-blokk	B-blokk	C-blokk	D-blokk
Biologi I 33	Kjemi I 27	Matematikk R1 25	Fysikk I 29
Informasjonsteknologi I 19	Økonomistyring 27	Matematikk S1 38	Rettslære I 35
Rettslære I 32	Sosiologi og sosialantropologi 38	Sosiologi og sosialantropologi 17	Breiddaidrett I 28
Internasjonal engelsk 16	Medie- og informasjonskunnskap I 10	Entreprenørskap og bedriftsutvikling 5	

Teknologi og forskingslære X: **7** Dette faget har 3 veketimar og er eit alternativ berre for dei som vel Matematikk R1 eller S1.

Etter fagvalet er desse gruppene/faga teke bort på studiespesialisering: 1 gruppe Matematikk S1, Entreprenørskap og bedriftsutvikling og Teknologi og forskingslære.



Til Vg2 er det 109 primærskolar til 90 plassar (oversøknad på 19). Med reduksjon til 90 elevplassar må vi kutte 2-3 programfag til på oppstillinga over. Ein står då igjen med i gjennomsnitt å kunne tilby 2-3 programfag i kvar blokk, og det er vanskeleg å sjå kva fag som må bort. Elevane vil ikkje få dei tilboda som var utgangspunktet for å søkje på Hafstad vgs. Breidda i tilbodet vert kraftig redusert, og gruppene vil få opp mot 30 elevar.

Med eit søkjartal på 109 vil 4 klassar likevel bety minimum 27 elevar per klasse.

Ut frå søkjartalet til studiespesialisering på Hafstad vgs. er det ein oversøknad på 65 primærskolar fordelt på Vg1, Vg2 og Vg3 ved nedtak av ein klasse på Vg2.

Av erfaring veit vi at nokre elevar tek Vg2 i utlandet. Desse elevane har fortrinn til inntak på Vg3. For komande skuleår er det 7 primærskolar meir enn det er plassar til Vg3.

Konklusjon

Det er lite tenleg å redusere tal elevplassar ytterlegare på studiespesialisering. Eit tilbod med 4 klassar per årssteg er nok det som ligg nærast søkjarinteressene slik som det ser ut per i dag.

Når det gjeld Vg1 kan ein eventuelt med 4 klassar på studiespesialisering, vurdere å slå saman KDA OG MK til ein klasse (0,5 klasse per tilbod). KDA/MK vil då ha fellesfaga i samla gruppe (25 timar per veke). Med 30 elevar i desse gruppene vil det vere behov for delingstimar i programfaga. Ei samanslåing vil ikkje føre til auka kostnad, då det ikkje blir behov for delingstimar. Ei slik løysing vil truleg gje ein **betre balanse** i høve primærskjartala til Vg1.

KDA og MK har ny struktur og nye læreplanar frå skuleåret 2016-2017 og bør få tid på å innarbeide seg.


Vi har ikkje tilstrekkeleg oversikt over kor mange som har søkt andre skular/programområde og som har eit tilbod på Hafstad vgs. som sitt sekundærskole. Dette vil kunne skubbe ut søkjarar på Hafstad vgs. som då ikkje får sitt primærskole oppfylt.

Eit tilbod med 4 klassar studiespesialisering + 1 klasse KDA + 1 klasse MK på Vg1 vil truleg vere det beste alternativet.

Eit nedtak til 3 grupper på studiepesialisering vil dessutan få **store** personalmessige konsekvensar som fylkeskommunen etter kvart må handtere.

Med helsing

Inger Karin Oppedal
Konst. rektor



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
MO OG ØYRANE VIDAREGÅANDE SKULE

Justering av opplæringstilbodet for 2016-17

Fråsegn frå Mo og Øyrane vgs.

Primærsøkjalar med ungdomsrett og elevtalsutvikling i Førde kommune

Med sentral plassering og med fleire fylkesdekkande opplæringstilbod, har dei to vidaregåande skulane i Førde, Mo og Øyrane og Hafstad vgs. søkjarar frå kommunar frå heile fylket.

Hovudutvalet for opplæring gjorde i sak 15/8405-41 vedtak om totalt 828 elevplassar frå skuleåret 2016-17 ved dei to vgs. i Førde. Primærsøkjartalet med ungdomsrett syner etter prøveinntaket, eit søkjartal på totalt 980 elevar. Dette gjev grunnlag for ei samla auke i elevtalet på 152 elevar ved dei to vgs. i Førde.

Ei stor elevkullet i Førde kommune underbygger også behovet for ei oppjustering av elevplassar ved dei to vgs.

Bygg- og anleggsteknikk

Bransjen syner til eit stort behov for fagarbeidarar og til ledige læreplassar. Etter 1. prøveinntak og ei auke frå tre til fire grupper, står det 13 elevar utan tilbod. Dette syner at det er grunnlag for å auke opp til fem grupper på vg1 BA. Skulen ser positivt på å dette, men vil signalisere behov for garderobefasilitetar som igjen vil medføre noko meirkostander.

Søkjartal syner at det er grunnlag for å justere frå ein til to grupper på Vg2 anleggsteknikk, slik gruppetalet er i inneverande skuleår og signala frå bransjen tilseier. Dette gjev også optimal utnytting av ressursane/maskin og utstyr ved praksisplassen på Mo.

Elektrofag

Det er også i år eit stort tal søkjarar til vg1 EL. På tross av stort søkjartal til EL melder bransjen om at tal grupper både på vg1 og vg2 er i tråd med behovet i bransjen.

Helse- og oppvekstfag

Det er god søknad til gruppene på vg1 og til vg2, og elevane sin søknad harmonerer med tal grupper ved skulen. Skulen har respekt for og støttar elevane sitt ynskje om skulestad, og ber om at klassane på særskilt vg2 Helsearbeidarfag ligg fast ved skulen. Det er i dag eit sterkt og robust fagmiljø i avdelinga. Eit tett samarbeide pedagogane i mellom bidreg til å skape kvalitet i opplæringa, fleksibilitet og ei god og effektiv utnytting av fagkompetansen.

Naturbruk *

Etter prøveinntaket er studieførebuande NA – vg3 og Påbygg til generell studiekompetanse etter fullført og bestått fagprøve føreslått slått saman til ein stor gruppe. Jf. vedtak om utlysing vil det vere behov for ekstraressurs til 5 timar til faget biologi og ressurs til to kontaktlærarar. Dette er den same ressurstildelinga som skulen hadde tidlegare, når skulen hadde ei vg3 gruppe påbygg slått saman med vg3 gruppe studieførebuande Naturbruk.

Restaurant- og matfag

Prøveinntaket syner at det er grunnlag for to grupper på vg1. Grunna kun ei gruppe på vg1 i inneverande skuleår, vil det ikkje vere grunnlag for meir enn 1 gruppe på vg2 kokk- og servitørfag.

Service og samferdsle - YSK


Programtilbodet syner god søknad og erfaringane skulen har gjort seg fram til no er svært gode. Elevane trives og bransjen er svært nøgde med ordninga. Det er difor svært gledeleg at søkjartalet syner ei fullsett gruppe.

Teknikk og industriell produksjon

Vg1 TIP rekrutterer til svært mange lærefag, både til dei vg2 tilbode som skulen tilbyr, men også til vg2 tilbod ved andre skular og til ulike kryssløp. Det er difor grunnlag for å juster gruppetalet opp til tre grupper på vg1.

Bransjen ved opplæringskontoret PRO melder om behov for to grupper vg2 Industriteknologi frå skuleåret 2016-2017. Skulen har eit sterkt fagmiljø og ser positivt til å auke opp til to grupper.

Nivå	Kode	Programområde	Tal grupper
1	BABAT1	Bygg og anlegg	5
2	BABYG2	Byggteknikk	2
2	BAANL2	Anleggsteknikk	2
1	ELELE1	Elektrofag	2
2	ELDEL2	Data og elektronikk	1
2	ELELE2	Elenergi	1
1	HSHSF1	Helse- og oppvekstfag	3
2	HSAMB2	Ambulansefag	0,5
2	HSSES2	Helseservice	0,5
2	HSHEA2	Helsearbeidarfag	2
2	HSBUA2	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1
1	NANAB1	Naturbruk	1
1	NANAB1	Naturbruk – hest	1
2	NAHHO2	Heste- og hovslagarfag.	1
2	NALGA2	Landbruk og gartnarnæring	1
3	NANAB3	* Naturbruk studieførebuande + påbygg generell studie kompetanse etter fagbrev	1
3	NALBR3	Landbruk	1
1	RMRMF1	Restaurant og matfag	2
2	RMKOS2	Kokk og servitørfag	1
1	SSSSA1P	YSK-Service og samferdsel 4-årig	1
2		YSK-Service og samferdsel 4-årig	1
1	TPTIP1	Teknikk og industriell produksjon	3
2	TPBLK2	Bilskade, lakk og karosseri	1
2	TPPIN2	Industriteknologi	2
2	TPKJT2	Køyretøy	1
			38




.....
Liv Horvei – rektor

.....
Siri Brændmo –Utdanningsforbundet ATV

.....
Jarl Devik – Naturvitarane ATV

.....
Elin Schei Stuhaug – Hovudtillitsvald
Delta/Parat



.....
Marit Elin Tyvoll – ATV Fagforbundet



Sakshandsamar:
Knut Chr. Clausen
E-post: Knut.Christian.Clausen@sfj.no
Tlf.: 57757902

Vår ref.
Sak nr.: 16/2128-16
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
9130/16

Dykkar ref.

Dato
FLORØ, 10.03.2016

Notat

Ikkje offentleg
Ofi § 14, interne dokument

Frå: Knut Chr. Clausen

Til: Susan Husabø, OA

Kopi til:

Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016/17 - innspel frå Flora vgs

Skulen syner til 1. prøveinntak, og til 5. prøveinntak utlevert på rektormøtet 09.03.16.

Skulen ser at begge prøveinntaka byggjer opp under eit robust fagtilbod ved skulen innan både yrkesfag og studieførebuande fag.

Elektro

Slik skulen oppfatta argumentasjonen frå Fylkesdirektøren i tilbodssaka hausten 2015, har ein teke ned ei gruppe VG1 Elektro av omsyn til ein ønskt reduksjon på VG2 skuleåret 17/18, der er og vanskeleg for skulen å vurdere korleis det å eventuelt skulle opprette ei ekstra gruppe på VG1 Elektro 16/17 vil påverke oppfyllingsgrad og bærekraft i andre VG1 tilbod ved skulen.

Skulen legg til grunn at Fylkesdirektøren vurderer å auke opp att kapasiteten på VG1 frå 17/18 når læreplasssituasjonen er ytterlegare avklara. Det vil vere viktig for berekrafta i elektrotilbodet på VG2 ved skulen på sikt at ein legg opp til eit normalsituasjon med to grupper på VG1.

I løpet av våren 2016 ferdigstiller fylkeskommunen bygningsmessig rehabilitering av heile Elektro-avdelinga, og skulen er såleis dimensjonert for eit 2+2 tilbod innan dette området vidare.

VG2 og VG3 Studiespesialisering

Basert på kunnskap om eigne VG1- og VG2-elevar pr. dags dato tilrår skulen ei slik plassfordeling:

Nivå	Realfag	Språk, samfunnsfag og økonomi
VG2	30	30
VG3	45	45



11.03.16.

OPPLÆRINGSTILBOD 2016-17 – MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE

Viser til primærskjartall og 1.prøveinntak pr. 03.03.16., og i tillegg til 5. prøveinntak som vart overlevert på rektormøte 08.-09.03.16.

Måløy vidaregåande skule har svært gode skjartall med eit stort overskot av primærskjarar med ungdomsrett, og talla er særleg positive med god fordeling på vg1-nivået. Innan vg2 har talla nær samanheng med noverande tall for vg1 på eigen skule. Unnataket er vg2 maritime fag, som rekrutterer frå heile fylket, og skjartalla til dette tilbodet er også i år svært høge .

Vi har følgjande innspel til endring av det utlyste tilbodet:

Vi ber om at ressursen til vg1 naturbruk vert auka til 1,5 klasse (frå 1,0 klasse no)

Dei siste åra har vi fått tildelt 340 årstimar til deling av vg2 gruppa – vg2 fiske og fangst og vg2 akvakultur. Ressursen går til deling i teoridelen av programfaga, medan praksisdelen innan akvakultur vert gitt gjennom utplassering på oppdrettsanlegg. I inneverande år brukar vi meir enn denne ressursen til rein teoriopplæring (374 årstimar), i tillegg kjem arbeidet med oppfølging av elevane i praksis.

Dei siste tre åra har vi tatt inn elevar på naturbruk/akvakultur til YSK (TAF), som ein del av det vedtatte YSK- tilbodet. Yrkesfagdelen av opplæringa har vore finansiert av den same ressursen på 340 årstimar, etter som elevane på ordinært yrkesfag og elevane på YSK har fått felles teoriopplæring i akvakultur. Inntaket til YSK (utdanningsprogram naturbruk) har m.a.o. vore avhengig av at vi har hatt skjjarar til vg2 akvakultur. Dei siste åra har elevane sine val frå vg1 naturbruk fordelt seg nokolunde jamt mellom fiske og fangst og akvakultur, slik at denne kombinasjonen har gått greitt.

I **verdiskapingsplanen** som Sogn og Fjordane fylkeskommune deltar i, er det gitt resultatmål for rekrutteringa til dei marine faga og dei marine næringane, og desse måla inneber ein betydeleg auke frå dagens nivå på rekrutteringa til vidaregåande opplæring.

Dette betyr følgjande (grunnlaget for auka ressursbehov):

- Ordinær yrkesopplæring: Dersom vg1 naturbruk skal rekruttere elevar til både fiske og fangst og akvakultur (i utgangspunktet 6 elevar på kvar fordjuping slik det ligg inne i tabellen for utlyst tilbod), må vi ta inn minimum 12 elevar dersom skjargrunnlaget tilseier det. **Til komande år har vi 14 skjjarar med ungdomsrett, og vi ønskjer at alle 14 primærskjarar blir tatt inn.**

- YSK (TAF)-søkjjarar til naturbruk (vg2 med fordjuping akvakultur) må kome i tillegg. I tabellen for utlyst tilbod står det 4 elevplassar, som er det tallet vi har i år. (Vi har auka frå 2 til 4 dei siste tre åra, før dette hadde vi 1 elev som vi prøvde ut eit individuelt opplegg for, med godt resultat). **Til komande år har vi 5 søkjarar, og vi ønskjer å ta inn alle i samarbeid med dei aktuelle oppdrettbedriftene.**
- Auken i rekruttering gjer at vi må få auka ressursar for å syte for god nok kvalitet i opplæringa for alle elevane, etter som vi då vil ha inntil 19 elevar på vg1 til saman. Det er ofte stor skilnad i fagleg/teoretisk bakgrunn mellom YSK-elevar og ordinære elevar innan yrkesfag. For å ta vare på begge grupper vi må gjere endringar med ein fastare struktur enn dei siste tre åra, og særleg då for YSK-elevane der vi har hatt ein innkøyringsperiode for eit nytt tilbod.
- Måla i **verdiskapingsplanen** er å rekruttere langt fleire elevar til marin utdanning. Søkjargrunnlaget er no så bra at det er behov for ressursar utover ei gruppe. Det er dette som er grunnlaget for innspelet om auke i ressurstildelinga med 0,5 klasseressurs.
- Ressursen til deling av teoriopplæringa på vg2 (340 årstimar) må vidareførast då det er behov for denne uavhengig av YSK-tilbodet.

Uttale vedk. vg2 byggteknikk

Som sagt i innleiinga skjer rekrutteringa til dei regionale/lokale vg2-tilboda i hovudsak frå eigen skule, i dette tilfelle frå vg1 bygg- og anleggsgfag. I denne gruppa, som det var noko svak søknad til i fjor, er det i dette skuleåret 9 ordinære elevar, pluss ein YSK-elev som har valt dette utdanningsprogrammet, og dermed følgjer klassen i teoriopplæringa i yrkesfaga/programfaga.

Av ulike årsaker er det vanleg at talet på elevar på slike tilbod vert redusert frå vg1 til vg2: Dette kan vere elevar som vel andre vegar innan utdanningsprogrammet, t.d. vg2 anleggsteknikk ved annan skule (to tilbod i fylket), eller 1 + 3 modellen («vekslingsmodell») mot aktuelle lærefag, t.d. røyrløggjar, som vi regelmessig køyrer elevar inn på. I år har to av elevane gjort eit omval, ein til studiespesialisering her ved skulen (med vg2 byggteknikk som 2.val), og ein til tilbod ved Eid vgs. Ein elev søker på nytt til vg1 bygg- og anleggsgfag (følgjer ikkje ordinære læreplanar, og vert då på nytt plassert som søker til vg1). 6 av 9 elevar står att som primær søker til vg2 byggteknikk.

Konsekvensar dersom tilbodet ikkje vert ført vidare på vg2:

For lokalt næringsliv:

Også i Nordfjord er det underskot på søkjarar til ledige læreplassar, på linje med dei to andre regionane, der tilbodet er dimensjonert langt større. Tilbodet innan bygg- og anleggsgfag rekrutterer tilnærma 100% lokalt, Måløy vgs. frå ytre/midtre Nordfjord, og Stryn vgs. frå indre/midtre Nordfjord. Søknaden til utdanningsprogrammet kunne ha vore betre enn i dei siste åra, men har alltid hatt store variasjonar, ofte uavhengig av skiftande tider i næringslivet.

Ei nedlegging av vg2-tilbodet vil forverre denne rekrutteringa, i samanheng med dei konsekvensane dette vil få for dei aktuelle elevane og for personalsituasjonen, sjå nedanfor. Verknadene av eit stopp i tilbodet vil vere over fleire år, ikkje bare for året som kjem. Byggtilbodet i Måløy har vore stabilt over mange tiår, og har medverka enormt til rekrutteringa til næringa lokalt. Ei sentralisering av

tilbudet til 2-3 stader i fylket vil ha store negative konsekvensar for denne viktige næringa og dei lokale bedriftene, og ikkje bare for dei skulane der opplæringstilbudet vert utarma og evt. lagt ned. Det må her ikkje minst vere greitt å lytte til synspunkta til opplæringskontor og bransjeorganisasjonar.

For dei aktuelle elevane:

6 elevar på noverande vg1 har som sagt dette tilbudet som 1.val. I tillegg kjem eleven som søker omval til vg1 studiespesialisering, der det vil vere vanskeleg å kome inn. (Måløy vgs. har gjennom mange år hatt tøffast konkurranse i fylket til inntak til vg1 studiespesialisering, pga. forholdet mellom søkjartall og dimensjonering, i år 40 søkjarar til 30 plassar.) 2 av dei 6 elevane må ha reservert plass i Måløy pga. behov for tilpassa opplæring, og vil derfor evt. stå utan eit klassemiljø som er viktig for deira læring, samtidig som ressursbehovet vil ligge ved vår skule. Vi har også 1 YSK-elev som ikkje kan få vidareført tilbudet han har blitt lova, denne eleven har blitt registrert som søker på koden til vg2 industrideknologi – YSK, og kjem i tillegg til den ordinære yrkesfaggruppa. Når ein skal vurdere kostnaden med å halde ved like tilbudet på vg2 også komande år, gjeld dette ikkje bare dei 4 (truleg 5) elevane som må få tilbod ved andre skular, **men også dei 3 elevane som ikkje kan flyttast. Kostnadene til individuelle tilpassa opplegg 35 timar i veka pga. reserverte plassar (2 elevar, sjå ovanfor) vil verte mykje større enn dersom desse elevane i stor grad kan integrerast i opplegget til heile klassen, med positive konsekvensar for ressursbruken.** Dessutan vil desse elevane sitte igjen med opplæring med dårlegare kvalitet.

For personalet:

Vi har eit lite, men velfungerande team innan programfaga for bygg- og anleggsgag, to faglærarar og ein fagarbeidar (tilsett pga. behov for assistent for elevar med særskilt tilrettelagt opplæring). Utan vg2-tilbod vil fagarbeidaren vere overtallig, og evt. ein av faglærarane heilt/delvis overtallig med fare for oppseiing. På lengre sikt vil dette ha store konsekvensar for fagmiljøet vi har.

Innmelding av justering av plasstal – gjeld skuleåret 2016-17

1. vg1 naturbruk: 14 elevplassar (rekrutterer både til vg2 fiske og fangst og vg2 akvakultur, sjå ovanfor) – tar inn alle primærsøkjarar, inklusive 2 elevar utan tilbod
2. vg1 bygg- og anlegg: 14 elevplassar (YSK ikkje inkludert) – tar inn alle primærsøkjarar inklusive 2 elevar utan tilbod
3. vg1 restaurant- og matfag: 16 elevplassar – tar inn 2 elevar utan tilbod
4. vg1 teknikk og industriell produksjon: 26 elevplassar – tar inn 2 elevar utan tilbod
5. vg1 helse- og oppvekstfag: 16 elevplassar – tar inn 1 elev utan tilbod
6. vg2 kokk- og servitørfag: 14 elevplassar – tar inn 2 elevar utan tilbod

Karl Ottar Rundereim

rektor



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Firda vidaregåande skule

Sakshandsamar:

Hallgeir Hansen

E-post: Hallgeir.Hansen@sfj.no

Tlf.:

Vår ref.

Sak nr.: 16/2128-15

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

9113/16

Dykkar ref.

Dato

SANDANE, 10.03.2016

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016/17 - Firda vidaregåande skule

Eg viser til 5. prøveinntak der det er foreslått å ha 2 grupper studiespesialiserande vg1 ved Firda vgs skuleåret 16-17. Dette er godt nytt for skulen og dei tilsette. Vi har god kapasitet når det gjeld rom og personale. Dersom vi får 2 grupper studiespesialiserande komande skuleår, vil det løyse fleire utfordringar som vi elles ville fått med omsyn til overtal.

Med helsing

Hallgeir Hansen
rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Susan Husabø, OA

Kopi til:
Bekka Skaasheim, OA
Tor-Einar Holvik Skinlo, OA
Ingeborg Lie Fredheim, OA





Sakshandsamar:

Ove Bjørlo
E-post: ove.bjorlo@sfj.no
Tlf.: 57638302

Vår ref.

Sak nr.: 16/2128-14
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
9091/16

Dykkar ref.

Dato

NORDFJORDEID, 10.03.2016

Susan Husabø, OA

Innspel til justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016/17

Viser til e-post av 3. mars med vedlegg frå fyrste prøveinntak, og femte prøveinntak som vart utdelt på rektormøtet denne veka.

Det er gledeleg god søking til det utlyste tilbodet ved skulen, og prøveinntaka syner god oppfylling. Skulen vil kome med slik attendemelding:

Elektro:

Særleg stor søking er det til Vg1 elektrofag, der skulen har 3 klasser inneverande skuleår. Til det nye tilbodet Vg2 Automatisering er det òg god søking, så då har Eid vgs. 3 klasser på Vg2 innan utdanningsprogrammet for elektro frå komande haust. Det er god læreplass-situasjon innan elektrofaga i Nordfjord, og alle elevane frå Eid vgs. som skulle ut i lære våren 2015, har skaffa seg læreplass. Skulen ønskjer 3 klasser på Vg1 elektro også komande skuleår, for å sikre rekruttering til Vg2-tilboda og at fleire får fyrsteønsket sitt oppfylt. Sjølv om det er trangt på skulen, klarer vi 3 klasser også komande år innafor dei lab/verkstadareala vi har på elektro.

Design og handverk:

Grunna låg søking til Vg2 Interiør og utstillingsdesign siste skuleår, foreslo vi i tilbodsaka å redusere elevtalet til ei halv klasse. Dette ser vi no var feil for komande skuleår, og bør ta inn full klasse. Fellesfaga vert uansett felles med Vg2 Industriell møbel, så innsparinga med 9 timar som omtala i tilbodsaka, ligg fast. Det kan nemnast at det i skulebruksplanvedtaket låg inne to klasser på Vg2, noko som viser kor vanskeleg det er å dimensjonere dette tilbodet.

TIP:

Skulen har 4 klasser på Vg1 TIP inneverande skuleår. Det har vi kapasitet til også komande skuleår om det skulle vere behov for ekstraklasse for å skaffe plass til alle i fylket med ungdomsrett. Ekstraklassa på Vg1 TIP som vart oppretta sommaren 2015, har mellom anna sikra god søking til Vg2 Transportfag i Stryn, gjennom kryssløpet frå Vg1 TIP.

Med helsing


Ove Bjørlo
rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Susan Husabø, OA



**Sakshandsamar:**Anders Magne Bruvoll
E-post: Anders.Magne.Bruvoll@sfj.no
Tlf.: 99524511**Vår ref.**Sak nr.: 16/2128-13
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

8780/16

Dykkar ref.**Dato**

STRYN, 08.03.2016

Susan Husabø, OA

Innspel til justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016/17**Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017**

Saksnummer 16/2128-« Justering av opplæringstilbodet for 2016-17»

Syner til primærskjartala og 1. prøveinntak av 3.mars 2016.

Innspel frå Stryn vidaregåande skule**1. Bygg- og anleggsteknikk ved Stryn vidaregåande skule****I vedteken skulestruktur for vidaregåande opplæring for skuleåret 2016-17 vart Stryn vidaregåande skule tildelt følgjande programområde innan Bygg- og anleggsteknikk;**

VG1 Bygg- og anleggsteknikk	2 grupper a 12 elevplassar
VG2 Byggteknikk	1 gruppe - 12 + 6 elevplassar (opptil 6 elevar i veksling)

Gjennom «Samfunnskontrakten for fleire læreplassar» har næringsliv, kommunar, vidaregåande skular og våre folkevalte eit stort og felles samfunnsansvar. Både lokalt, regionalt og nasjonalt manglar vi fagkompetanse. Vi treng fleire unge som tek fagutdanning og fagbrev for å imøtekomme dei ulike bedriftene og bransjane sitt behov for faglært arbeidskraft.

Gjennom tiltaket «Samfunnskontrakten for fleire læreplassar» inviterte Utdanningsdirektoratet fylkeskommunane til å søkje prosjektmidlar til utprøving av ulike vekslingsmodellar/fleksible opplæringsmodellar innan dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.

Utprøving av vekslingsmodellar**Prosjekt i samarbeid med Utdanningsdirektoratet 2014-18**

Hausten 2014 vart Sogn og Fjordane fylkeskommune-/Stryn-vidaregåande skule etter søknad tildelt prosjektmidlar med kr. 200.000,- per år frå Utdanningsdirektoratet. Prosjektet skulle ha hovudfokus på utprøving av vekslingsmodellar/ fleksible opplæringsmodellar i perioden 2014-18.

Hovudfokus i utprøving av vekslingsmodellen ved Stryn vidaregåande skule.

- ✚ Kunne tilby fleksibilitet i opplæringsløpet gjennom ulike opplæringsmodellar med veksling mellom opplæring i skule og opplæring i bedrift
- ✚ Imøtekomme behovet innan små fag / smale fagfelt til lokale og regionale bedrifter gjennom 1+3 modell (1 år i skule og 3 år i bedrift)



- Målarfaget, taktekkjarfaget, blekkslagerfaget, byggdriftarfaget og røyrleggjarfaget
- ✚ Eleven kan fordjupe seg i ønska lærefag allereie på VG1- nivå. Erfaringsvis har dette ført til:
 - Auka mestring og motivasjon for eleven
 - Mindre fråvær
 - Gode resultat og høgt karakternivå
- ✚ Skape kvalitet og relevans i den 4-årige opplæringa fram mot fagbrev
- ✚ Imøtekomme næringslivet sitt behov lokalt og regionalt for lærlingar og faglært arbeidskraft
- ✚ Prosjektet har stor relevans for opplæringa på andre yrkesfaglege utdanningsprogram.

Innspelet for skuleåret 2016-17

Vi ber om at følgjande grupper vert oppretthaldne ved Stryn vidaregåande skule

2 grupper på VG1 Bygg- og anleggsteknikk

1 gruppe på VG2 Byggteknikk - 12 + 6 elevplassar (opptil 6 elevar i veksling)

Opplæringa på VG2 vert gjennomført innanfor ein klasseressurs

Grunngjeving til innspelet:

1. Dersom vekslingsmodellen skal kunne gjennomførast etter kriteria og intensjonane til Utdanningsdirektoratet er det heilt avgjerande at ikkje vert gjort endringar i strukturen eller tal grupper innan Bygg- og anleggsteknikk ved Stryn vidaregåande skule fram til 2018.

2. Næringslivet sitt behov for faglært arbeidskraft

Oversikt frå Fagopplæring syner at næringslivet i Sogn og Fjordane manglar opptil 35 lærlingar innan Tømrarfaget og opptil 15 lærlingar innan Betongfaget.

Dette gir ein klar indikasjon på behovet for faglært arbeidskraft innanfor byggbransjen samtidig som det stettar skulen sj grunngjeving for å oppretthalde gruppetalet innan Bygg- og anlegg.

2. Helse- og oppvekstfag i Stryn

Stryn vidaregåande skule og Stryn kommune har gjennom mange år jobba målretta mot korleis vi kan imøtekomme behovet for faglærde helsefagarbeidarar.

Samarbeidet med Stryn Kommune har vore utviklingsorientert og fruktbart. Per i dag viser det følgjande resultat:

- ✚ Stryn Kommune aukar tal læreplassar frå 3 til 14
- ✚ Utveksling og bruk av kunnskap, erfaring og kompetanse
- ✚ Kommunen stiller med eigen kontaktperson og oppfølgingsansvarleg for elevar i arbeidspraksis
- ✚ Forsøk med «Grøne og gule elevar».

- VG1-elevane er merka med grønne skilt og VG2 med gule skilt. I tillegg er det i fellesskap utarbeidd informasjon om kva kunnskap og ferdigheiter som vert forventa på dei ulike nivåa.

✚ Prosjekt Omsorgsteknologi

- I perioden 2014-16 har Stryn og Eid vidaregåande skule samarbeidd om oppbygging av ei moderne og framtidsretta opplæringsleilegheita innan Omsorgsteknologi ved Stryn vidaregåande skule. Utviklingsprosjektet er svært framtidsretta og unikt på landsbasis, der Omsorgsteknologi vert retta mot opplæringa i vidaregåande skule og mot fagarbeidarnivå.
- Representantar frå Stryn Kommune har vore med i arbeidsgruppa gjennom planleggings- og gjennomføringsprosessen og ferdigstilling av opplæringsleilegheita. Vi er no inne i fasen der

vi i samarbeid skal sette fokus på opplæring til elevar på Helse- og oppvekstfag, elevar innan Dataelektronikarfaget, lærlingar og tilsette i Stryn Kommune.

Innspele for skuleåret 2016-17

Stryn vidaregåande skule har dei siste åra hatt god søknad til Helse- og oppvekst, både på VG1 og VG2 nivå. Spesielt syner søkjartala god innsøking på VG1 Helse- og oppvekstfag skuleåret 2016-17.

Søknadstala for skuleåret 2016-17 syner 8 elevar med ungdomsrett på VG2 Helsearbeidarfaget. Erfaringsvis vil dette talet auke, då vi har elevar på VG1 utan ungdomsrett som ønskjer å ta denne utdanninga.

Med bakgrunn i samarbeidet med Stryn Kommune og det store behovet for fagkompetanse innan helse, oppvekst og omsorg, er det svært viktig at Stryn vidaregåande skule får oppretthalde utdanninga på VG2 Helsearbeidarfaget.

Med helsing

Anders Magne Bruvoll
rektor